

Referat

Studieprogramråd for sjukepleie, campus Stord og Haugesund

Møtedato: 24.11.20 kl. 10:00 – 11:30

Møterom: digitalt møte, Teams

Til stades: Leif-Steinar Alfsvåg, Else Cathrine Rustad, Solveig Laukhammer, Marianne Kambe, Bente Kvilhaugsvik (alle HVL), Stig Riise Pettersen (NSF HVL), Fabian Selheim (studentrepresentant HVL Stord), Lidveig Stubhaug (Stord kommune), Kristine Meling (Helse Fonna), Nina Anette Hauge (Helse Fonna) Referent: Ingrid Stava

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleiar	
Referat: Innkalling og saksliste godkjend. Ingen saker til eventuelt. Møtet er digitalt av smittevernsomsyn.				
2/20 Endring i gjennomføring av studieprogrammet	Orientering om endring i gjennomføring av studieprogrammet knytt til Covid-19, jf. Mellombels forskrift om tillegg til forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet	Orientering om: a) Smitteførebygging b) Undervisning c) Praksis d) Eksamen	Orientering ved fagseksjonsleiar	
<p>Referat: Leif Steinar presenterar mellombels forskrift. Føringsane er at ingen skal bli forseinka grunna corona, og læringsutbyttet skal ikkje vera endra. Forskrifta gjaldt for haustsemesteret, men blir sannsynligvis forlenga til våren. HVL har rigga seg med beredskapsleiing på institusjonsnivå og fakultetsnivå, og har gjort visse grep på bygget, mellom anna på antal plassar i klasserom, så me har hatt redusert kapasitet på undervisninga denne hausten. No er all undervisning som kan vera digital, gjort digital. Det har vore lite smitte blant sjukepleiarstudentar denne hausten, og me har innført kohortsystem som har fungert bra mht smittevern.</p> <p>I vår var det mykje arbeid knytt til praksis, og omlegging frå skuleeksamen/praktisk-munnleg eksamen til digital eksamen. Desse omleggingane kjem og til å gjelde for våren 2021.</p> <p>Studentar har gitt tilbakemelding på at dei ikkje føler at dei har fått øvd nok på praktiske øvingar før praksis. HVL er glade for at det har vore mogeleg å gjennomføre praksis meir eller mindre som normalt i løpet av Covid-19.</p> <p>Tilbakemelding frå praksisfeltet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pårørande på sjukeheim var redde for at det kom så mange nye studentar inn. Det kjendes inkonsekvent at nye studentar fekk kome og gå, når dei pårørande sjølve knapt fekk koma inn. 				

- HF sengepost fekk mange studentar, og det var vanskeleg å ivareta smittevern. Nokre studentar opplevde at praksisen vart litt kort, og fekk mindre læring enn kva dei ønskja. Hadde litt lite grunnlag for å vurdere studentane, men har forståing for at situasjonen vart slik den vart.
- HF var svært bekymra for at studentar fekk autorisasjon utan medisinsk praksis. Dei får heller ikkje fullgod praksis no, med begrensa tilgang til PCar og andre læringssituasjonar. Treff ikkje lærarane grunna digital rettleiing.
- Praksislærar melder frå om at studentane og opplever at dei ikkje får fullgode læringssituasjonar i praksis. Har ikkje lenger høve til å hospitere på andre avdelingar. Me bør forvente at dei ikkje har same kompetansenivå som vanleg etter endt praksisperiode.
- Gode erfaringar på Knutsaåsen, med godt læringsutbytte.

3/20 Kvalitet i emne	https://www.hvl.no/student/praksis/		Orientering ved fagseksjonsleiar	
<p>Referat: Praksissidene til HVL vart endra i februar/mars slik at ein fekk ut oppdatert informasjon til studentar, lærarar og praksisfeltet. Denne skal nyttast framover, og erstattar i stor grad Læreplan i praksis, så den skal fasast ut. Her finn ein mellom anna informasjon om handtering knytt til covid-19, oversikt over praksisperiodar, lenke til helseforetaka og anna nyttig informasjon. Frå no av skal sensur leverast i eksamenssystemet Wiseflow, for å gå bort frå papir i større grad.</p> <p>Digital undervisning: Meir eller mindre gjennomført ved alle emne. Utdanninga har gjennomført ei undersøking blant studentane denne hausten, kor dei er bedne om å svare på fleire spørsmål knytt til korleis dei har opplevd det digitale opplegget etter nedstenginga i vår. Studentar ynskjer fleire forelesningar på zoom, nokre ynskjer opptak (asynkron undervisning). Dei ynskjer ikkje rettleiing på telefon eller diskusjonsforum, og har fått mindre kontakt med administrasjonen. Studentane opplever at lærarane har gjort det dei kan denne hausten, og har synt stor forståing. Me må likevel bli enda betre på digital undervisning. HVL har no fått eigne tilsette på fakultetet som skal gjennomføre opplæring på fagtilsette når det gjeld digital kompetanse. Me treng og opplæring på studentar, og det er viktig å variera undervisning, slik at noko treff alle.</p> <p>I vår gjorde me om ein praktisk-munnleg eksamen til digital-munnleg eksamen. Det gjekk med rundt 7 dagar, då hadde rundt 200 studentar gjennomført eksamen digitalt. Ca 5-6 studentar hadde digitale problem, så dette såg ut til å fungera godt. Studentane skulle på denne eksamenen presentera ein sjukepleieplan, og fekk to spørsmål direkte, slik at ein sikra at dei hadde vore gjennom pensum. Snittet vart ganske likt som vanleg.</p> <p>Studentrepresentanten melder frå om at studentar ofte mistar tråden når dei fylgjer digital undervisning. Undervisninga bør ikkje vera meir enn eit par-tre-fire timar, det er noko anna enn ordinær undervisning.</p> <p>NSF melder frå om slitasje blant lærarar, det tek mykje lenger tid å planleggje digital undervisning enn ordinær undervisning. Det oppleves og som vanskeleg å få til god refleksjon i rettleiingsgrupper digitalt samanlikna med fysisk oppmøte.</p>				

4/20 Internasjonalisering i utdanninga	Lenke til sak i Khrono	Orientering om ny stortingsmelding i Internasjonalisering	Orientering ved Lene Strøm	
Referat: HVL fekk ikkje sendt ut studentar på utveksling i haust, men me håpar i alle fall at dei kan reise ut neste haust. Internasjonal ansvarleg ved HVL campus Haugesund, Lene Strøm, gjekk gjennom innhaldet i stortingsmeldinga og korleis HVL ser for seg å jobbe vidare for å oppnå måla i meldinga.				
5/20 Ny studieplan	Lenke til ny studieplan ved HVL	Orientering om ny studieplan	Orientering ved fagseksjonsleiar	
Referat: Kull 2020 er tatt opp på ny studieplan. Gjeld heile HVL.				
6/20 Studiebarometeret 2020	Lenke til studiebarometeret	Orientering om studiebarometeret 2020	Orientering ved fagseksjonsleiar	
Referat: Undersøkjinga vert gjennomført av NOKUT på 2. årsstudentar kvart år. Resultata er ikkje klare enno, men vil vera sak i neste møte over jul.				
7/20 Eventuelt				
Referat:				